



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
08.06.2018
Dykkar dato
06.06.2018

Vår referanse
2018/7162 331.1
Dykkar referanse

Radøy kommune,
Radøyvegen 1690,
5936 Manger

RADØY KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2018 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 7.desember 2017.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommune-styret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det kommunale skatteøyet for kommunane i 2018 er det same som i 2017, 11,8 prosent.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr 121,1 mill. i skatt på eige og inntekt for 2018.

I 2017 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 4,5 prosent. I revidert nasjonalbudsjett er det rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2017 til 2018 med 1,0 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2017 var berre 78,6 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2018 tilsvarende 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2018 tilsvarende 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarende 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr 290,1 mill.

Inntektsprognosene for 2018 er no oppdatert med endelige innbyggjartal per 01.01.2018 og innkomen skatt i 2017. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal per 01.01.2018. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2017.

Dei budsjetterte frie inntektene er ikkje for høge samanlikna med den siste inntektsprognosene.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatten for 2018 er vedteken vidareført med sju promille som hovudsats og tre promille på bustader.

Det er budsjettet med kr 15,2 mill. i eigedomsskatt for 2018. Innkomen eigedomsskatt i 2017 var om lag det same som budsjettet for 2018.

Renteinntekter og utbytte

Renteinntekter og utbytte er inntektsført i budsjettet med samla kr 4,0 mill. Av det utgjer aksjeutbytte frå BKK om lag kr 2,9 mill. Det er grunnlag for å inntektsføra eit noko høgare utbytte i budsjettet.

Pris og kostnadsvekst

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i revidert nasjonalbudsjett 2,6 prosent. I det inngår pårekna lønsvekst med 2,8 prosent.

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjunde ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag $3\frac{1}{2}$ - 4 prosent av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Fylkesmannen tilrår kommunane at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettet med kr 9,0 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei budsjetterte avdraga er om lag i samsvar med det avdragsnivået som vi tilrår som eit minstenivå.

Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettet med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekka renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærmere det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Det er eit netto driftsunderskot i budsjettet for 2018 med om lag kr 4,2 mill. Netto driftsunderskot i budsjettet utgjer - 1,0 prosent av driftsinntektene. Underskotet i budsjettet er

planlagt dekt med bruk av disposisjonsfond og bundne fond. Netto driftsresultat i budsjettet burde vore positivt.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1 ¾ prosent for kommunane generelt.

Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot bør vere noko høgare enn 1 ¾ prosent av driftsinntektene for å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Det er eit netto driftsoverskot i rekneskapen for 2017 med om lag kr 1,2 mill. Netto driftsoverskot utgjer berre 0,3 prosent av driftsinntektene i rekneskapen. I utgangspunktet er det eit svakt resultat. Det faktiske (korrigerte) netto driftsoverskotet er noko betre enn dette.

Kommunen har over tid hatt eit lågt disposisjonsfond. I 2017 har det vore ei klår forbetring med ei styrking av disposisjonsfondet, til kr 16,3 mill. Fondet var ved utgangen av 2017 3,7 prosent av driftsinntektene. Det er planlagt ei styrking av disposisjonsfondet i år. Fondet bør bli minst om lag det dobbelte av nivået ved utgangen av 2017.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I 2018 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 92,9 mill. Dei største investeringane er i kyrkjer, barnehagar, skular og oppgradering av omsorgsbustader m.m..

Av investeringane utgjer vass- og avlaupsprosjekt til saman kr 25 ½ mill., som skal vere fullt ut avgiftsfinansierte.

I tillegg kjem eigenkapitalinnskot KLP, kr 1.285.000,- som ikkje kan bli finansiert med lån.

Investeringane blir i hovudsak finansiert med bruk av lån, kr 78,3 mill. Ein del av det er unytta lånemidlar. Ein stor del av investeringane vil bli finansiert med nytt låneopptak, kr 35 mill. Dessutan blir investeringane finansiert med momskompensasjon (kr 11,7 mill.) og bruk av fond (kr 4,3 mill.).

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2016 for kommunane samla i fylket, utanom Bergen, til kr. 79.820,- per innbyggjar. I det talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr 53.272,-.

Kommunane samla i fylket, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet (utanom Oslo) si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2016 var kr 74.662,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2017 er rekna til om lag kr 281 mill., eller kr 54.380,- per innbyggjar. Det er rekna at lånegjelda kjem til å auka til om lag kr 340 mill. ved utgangen av 2018.

Kommunen har vore nøktern med omsyn til investeringar over lang tid. Det gjer at kommunen framleis har eit moderat gjeldsnivå. På bakgrunn av låge skatteinntekter har det vore viktig å halde lånegjelda på eit moderat nivå. Eit nøkternt investeringsnivå har på den andre sia ført til at kommunen no har eit udekt investeringsbehov.

Kommunen legg på denne bakgrunn opp til høge investeringar både i 2018 og 2019. Det vil føra til ein stor auke i kommunen si lånegjeld til utgangen av 2019.

Oppsummering

Det er eit netto driftsunderskot i budsjettet for 2018 med om lag kr 4,2 mill. Netto driftsresultat i budsjettet burde vore positivt.

Kommunen har over tid hatt eit lågt disposisjonsfond. I 2017 har det vore ei klår forbetring med ei styrking av disposisjonsfondet. Fondet bør bli styrka ytterlegare.

Kommunen legg opp til høge investeringar både i 2018 og 2019. Det vil føra til ein stor auke i kommunen si lånegjeld til utgangen av 2019.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Gjenpart :

Nordhordland revisjonsdistrikt, Postboks 16, 5902 Isdalstø
Regionrådet Nordhordland IKS, sekretariatsleiar, Postboks 13, 5902 Isdalstø